

Arbeidsordning

1. Møte er ope for pressa.
2. Til å leia møtet vert det vald 2 dirigentar. Dirigentane ordnar leiinga av møtet seg imellom. Til å føre protokollen vert det vald 2 sekretærar.
3. Delegatar og styret har talerett, gjester har talerett til saker utanom val. Ingen har rett til å få ordet meir enn 2 gonger til same sak. Taletida vert sett til 2 minuttar og 30 sekunder første gongen og 1 minutt andre gongen. Dirigenten har - når han/ho finn det turvande - rett til å fremja forslag om ytterlegare avgrensing i taletida og strek med inn teikna talarar. I den grad dei finn det føremålstenleg, kan dirigentane foreslå endringar i rekkefølga på punkta i den vedtekne dagsorden. Det er delegatane og styret som har rett til å fremja forslag.
4. Skal ein delegat ha stemmerett, må denne registrerast **seinast 1 time etter møtestart**.
5. Ingen får ordet til forretningsorden meir enn ein gong, og høgst 2 minuttar til kvart punkt på dagsorden. Ynskjer ein ordet til saker, skal ein nytta registreringsskjema som ligg på arrangement sida, husk å registrere kva sak ein ynskjer ordet til.
6. Framlegg i møtet skal sendes digitalt via skjema som ligg på sida til arrangementet

Framlegg som ikkje har ei tilknytning til innsendte framlegg vert som hovudregel oversendt det nye styret. Framlegg kan ikkje fremjast eller trekkjast etter at strek er sett.
7. Delegatar som forlet møtet før avslutninga må levere stemmekort og stemmesetlar til sekretærane på dirigentbordet. Dersom vararepresentant skal møte på deler av møtet, skal dette varslast ved registrering.
8. Skal ein representant ha stemmerett, må denne vera registrert ved konstituering. Dersom representantar vert forhindra frå å møte innanfor denne tidsramma, må sekretariatet varslast. Ved slike høve kan det bli gjeve dispensasjon.
9. Dersom ein representant mistar stemmekort eller stemmesetlar, vert det ikkje utdelt nye.
10. Alle vedtak fatta med alminneleg fleirtal. Dersom nokon forlangar det, vert det føreteke skriftleg avrøysting.
11. Fylkesstyret får fullmakt til å godkjenna protokollen.
12. Årsmøtet er heilelektronisk, det betyr at årsmøtepapira ikkje vert kopiert. Dokumenta som skal handsamast ligg på denne nettsida:
<https://vestland.arbeiderpartiet.no/arrangementer/arsmote-2026/>